

# FAKTAARK

## Mo kyrkjeruin

Riksantikvaren er som direktorat for kulturminneforvaltning Miljøverndepartementets rådgivende og utøvende faginstans for forvaltning av kulturminner og kulturmiljøer. Direktoratet skal gi faglige bidrag til departementets arbeid med kulturminnevern. Riksantikvaren har ansvar for at den statlige kulturminnepolitikken blir gjennomført, og har i denne sammenheng et overordnet faglig ansvar for den regionale kulturminneforvaltningens arbeid med kulturminnevern.

Besøksadresse: Dronningensgate 13, 0152 Oslo  
Postadresse: Postboks 8196 Dep. N-0034 Oslo,  
Telefon: (+47) 22 94 04 00  
Telefaks: (+47) 22 94 04 04  
e-post: postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Den vesle kyrkja på vestsida av Slidrefjorden er kan hende den minste frittstående steinkyrkja frå mellomalderen i Norge. Ein reknar med at kyrkja er bygd om lag 1215. Kyrkja er 3,5 x 3 meter i koret og 6 x 5,8 meter i skipet, alt innvendige mål. Total utvendig lengd er ca. 12 meter. Murane er ca. 1 meter tjukke. Grunnplanen er eit rektangulært skip og eit smalere rett avslutta kor. Kyrkja er enkelt bygd utan kvaderstein, og mangelen på tydeleg steinhoggararbeid får enkelte ekspertar til å antyde at Mo kyrkje ikkje er så gamal som ein fyrst trudde.

### Kyrkja si historie


Då garden Mo var heil og udelt var han kan hende den største i Vestre Slidre. Om kyrkja opphavleg var ei privatkyrkje, også kalla "høgendeskyrkje", er uvisst. Mo kyrkjesokn vert omtala i 1368 og 1400 med gardane Reien og Hande, begge på andre sida av Slidrefjorden. Kyrkja var truleg i bruk til om lag reformasjonen. Da fell kyrkja etter kvart saman, og ligg i 1743 i mannshøge ruinar, bygd av "skjønne, levende stene". Ruinen vert brukt som steinbrot og vert også skjult av storflaumar i Mosåne tett ved, mellom anna i 1860. Området gror til med tett kratt. I åra 1972-1977 vert ruinane gravd ut og restaurert ved samarbeid mellom Riksantikvaren og Vestre Slidre ungdomsskule, under leiing av Jahn Børe Jahnsen. Det vert halde messe i ruinen ei gong kvar sommar. Etter nyåpninga i 1977 er all skog fjerna, Mosåne er retta ut og ruinen ligg no med dyrka mark på alle kantar. Setningar i grunnen har ført til store sprekkar i nordaustre hjørne av ruinen, det er no reparert under leiing av Riksantikvaren.

### Kyrkjebygningen

Heile omriset av kyrkja har kome klart fram. Veggen bak altaret er murt opp att med ein gotisk vindaugsopning.



Samlingsstund for pilegrimar. Foto: Nils Berge Sundfør



Slik kan kyrkja på Mo ha set ut. Teikning: Jonny Kristiansen, elev ved Slidre ungdomsskule ca 1975



Ruinen etter utgraving, ca 1975. Foto: Jahn Børe Jahnsen



Kyrkja har eit hovedaltar i koret murt inn i austveggen og eit seinare sidealtar på nordsida i koropninga. Kan hende er sidealtaret eit Maria-altar, men vi veit ikkje kva for helgen kyrkja er vigsla til. Kyrkja har hatt ei hovuddør mot vest i skipet og ei dør mot sør i koret. Også kyrkjegardsmuren er avdekka.

#### Funn fra utgravinga

Det vart ved utgravingane funne 83 middelaldermyntar, av desse 8 som ikkje kan tydast: 59 norske, 8 danske, 7 tyske og 1 engelsk. Den eldste mynten er frå kong Sverre 1177-1202 og den yngste frå kong Hans, som døydde i 1513. Dette viser godt tidsrommet kyrkja kan ha vore i bruk. Det vart også funne tre delar av mellomaldergravsteinar frå om lag 1200 (no på Valdres Folkemuseum). Desse høyrer til ei gruppe romanske hjulkors frå Gudbrandsdalen. Den eine biten har det karakteristiske stjerneromotivet "sunken star", eit normannisk symbol som peiker vestover. Fragment av same type kors er funne ved Svenes kyrkje og Hegge stavkyrkje i Valdres. Det vart funne ein del andre gjenstandar frå mellomalderen, som pyntebeslag og del av ei messeklukke. På den vesle kyrkjegarden, avgrensa av ein steinmur, fann ein skjelett etter fem yngre kvinner, ca. 25 år gamle og ca. 1,5 meter høge. Dei lå alle på nordsida av kyrkja, dvs. kvinnesida. Det er mogleg at dette var ei massegrav frå Svartedauden i 1350. Ved utgravingane vart det også funne ein bjørneklo, dette kan ha med gamal overtru å gjere. Ei stor jernslått kyrkjekiste frå Mo kyrkje står no i Slidredomen.

Ved Mo kyrkjeruin passer salmen "Kirken den er et gammelt hus, står om enn tårnene faller".



Overbygg sett opp i samband med konservering. Overbygget skal takast ned når arbeidet er avslutta i 20110 Foto: Riksantikvaren



Mo kyrkjeruin sett frå aust. Foto: Riksantikvaren



Rekonstruert vindaug mot aust. Foto: Riksantikvaren



Del av hjulkorsgravstein med "sunken star". Foto Jahn Børe Jahnsen